

Til  
Lindås kommune  
Teknisk drift vavn og avløp  
v/John Bauge  
v/Atle Dingen  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

e-post: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Seim, 20.06.2014

## **KOMMUNALT VATN OG AVLØP OPP TIL VEGKRYSET RYDLAND, SEIM**

Eg viser til tidlegare planarbeid og folkemøte med dykk 14. mars 2012 om å få kommunalt vatn og avløp på strekninga Rydland – Nesse i Seim. Diverre kom me ikkje i mål med det. Men i prosessen vart det sagt frå dykk at kommunen truleg ville kunna vidareføra vass- og avlaupssystemet som i dag endar midt i Rydlandsånæ, opp til vegkrysset.

Og det er det denne søknaden gjeld. Det hadde vore ei god hjelp for oss som framleis er interesserte til å finansiera utbygging av leidningsnettet vidare sørover, nordover. Det vil også opna for at nye bustader kan få ei god og tilrettelagd løysing på vatn- og avløp i eit stort område, frå kyrkja og utover stranda.

Eg vil i denne samanheng nemna at to unge familiar nyleg har fått skilt ut tomtar frå bestemora Anna Haukås med tanke på å få byggja hus på Rydland. Det vil sjølv sagt vera ei føremon for dei også om Lindås kommune ville ta på seg arbeidet med å vidareføre leidningsnettet opp til vegkrysset Rydland

Eg vonar på positiv tilbakemelding på denne søknaden.

Sissel-Anny Hjelmtveit,  
Seimsstranda 267, 5912 Seim  
(e-post: [sahjelm@online.no](mailto:sahjelm@online.no))  
mob. 977 61 037